

Høyringsvar til kommunen ift innfasing av Mo Skule i Surnadal barne- og ungdomsskule.

Etter å ha lese saksutgreiinga vil me seie at den har belyst fleire viktige sider i denne saka, og for vår del kjem det tydeleg fram at det vil vere fornuftig å gå for alternativ nr 2: Ingen endring.

Angående saka om å legge ned Mo skule vil me understreke tydeleg at det her er ei belastning, ein «støy» i kvardagen vår, både for ungane, oss foreldre, og dei ansatte på skulen. Og det er svært belastande å stå i dette over så lang tid! Det forstyrrar konsentrasjonen med tanke på det ein burde hatt fokus på.

For vår del har me frå hausten 2025 og fram til dags dato satt oss sjølv i ein unntakstilstand. Me bygger nytt kufjøs, og det er i seg sjølv ein krevjande prosess når ein har fire ungar frå 3-10 år og ta vare på, samstundes som me skal drive garden under byggeperioden. Når me i tillegg får denne reelle trusselen om at skulen vår skal bli lagt ned midt oppi dette, er det svært krevjande å stå i!

Det er nokon punkt frå saksutgreiinga me vil trekke fram som svært kritiske;

«Utgreiinga viser at fleire av støttefunksjonane i laget rundt barnet allereie er under press. PPT har lange ventelister, helsesjukepleiartenesta er sårbar og Storteamet på Subus har høg kapasitetsutnytting.» side 9.

«Situasjonen ved Subus har endra seg sidan førre utgreeing. Kommunalsjefen peikar på at presset knytt til skulefråvær, psykososialt læringsmiljø og behov for individuell tilretteleiing har auka markant den siste tida.» side 15

Når ein les slik så slår ryggmargsrefleksen vår inn og ropar NEI! Om det skulle bli ein verkelegheit at Mo skal til Subus frå hausten 2026, ville me kalla det eit kraftig overtramp ovanfor ungane våre! Ikkje la økonomisituasjonen til kommunen gå utover dei mest sårbare me har. Her må ein ta ansvar for dei ungane som treng stabilitet og trygge rammar på alvor!

«Dersom strukturendringar blir gjennomførte utan tilstrekkeleg førebuing og parallell styrking av laget rundt barnet, kan risikoen auke for at enkelte barn og unge utviklar vedvarande utfordringar knytte til læring, trivsel og psykisk helse.» Side 21.

Ei samanslåing kan verkeleg ramme dei mest sårbare, dei som treng trygge rammer for å meistre kvardagen. Det blir nevnt fleire gonger, blant anna på side 15, at det er eit stort press på grupperom og arealkapasitet ifht ITO- vedtak. Dette er bekymringsverdig for dei ungane og tilsette som blir direkte ramma av dette.

Når ein snakkar om innsparingseffekt ifht å legge ned Mo, «føreset det full strukturendring, høg omstillingsevne og at det ikkje oppstår nye eller uventa kostnader.» side 14. Er dette reelt å få gjennomført? Eit visst trykk kan ein klare å stå i ei lita stund, men over tid trur me ikkje det er realistisk. Dersom det er sprengt kapasitet over tid, er me redd det vil føre til sjukemeldingar blant dei tilsette på skulen, som igjen vil føre til ein kostnad.

Etter å ha lese saksutgreiinga er me overtydd om at det må vere eit dårleg alternativ å komme med fleire elevar ned til eit allereie overfylt Subus som verkar til å ha sprengd kapasitet og mangel på plass.

Her er det mange varsellamper som lyser! Her må ein vite kva kostnadane blir, kvar skal alle elevane vere, kvar skal dei tilsette vere, korleis skal dei sikre at alle elevane får den hjelpa dei treng og har rett på?

Og bekymringa vår er også sterkt knytta til vår minste gut som skal starte på skulen hausten 2028. Han er fødd i slutten av desember, og det vil vere som natt og dag om han skal starte på Subus kontra Mo oppvekstsenter. Er det lovleg og forsvarleg å sende ein så liten gut nedover på buss til Skei og Subus i ein alder av 5 ½ år? Me tenkjer først og fremst på at det blir eit stort og uoversiktleg miljø, og ei belastning med lang reiseveg. Me er også bekymra for trafikkikkerheita. Det er mange som skal inn same vegen, alt for mykje er samla på ein stad (Øye kyrkje, distriktstannlegen, barnehage, vidaregåande, Subus, idrettshall).

Her er eit tankeeksperiment til deg som skal vere med å stemme over desse tre alternativa som er lagt fram: Sjå for deg sjølv som barn då du var 5 ½ år. Du bur på grensa til Rindal, har gått i Mo barnehage, men skal nå starte på skulen. Du skal sette deg på bussen ned til Skei for å starte 10 års skulegang på Subus. Ein biltur til Subus er over er 2 mil lang, og tek vel 20 min i tid. Ein busstur til Subus tek fort dobbel så lang tid. Sjå for deg overgangen det blir å komme til eit så stort miljø. Hadde du tenkt at dette var til det beste for deg om du skulle begynt skulegangen på nytt?

Me har tre ungar som går på Mo oppvekstsenter i dag (andre, tredje og femte klassing). Me kan med handa på hjarte seie at ungene våre har det godt på Mo. Me som foreldre er ikkje bekymra for dei, ungene våre trivest, og me er fornøgde med den faglege kvaliteten på skulen.

Me veit at dei skal nedover på ungdomsskulen på Subus, men då er ungene våre eit hakk større og meir robuste til å møte eit større miljø. Me tenkjer at når ungene våre får gå på Mo oppvekstsenter, er det med på å ruste dei for å møte livet seinare, og at det har ein førebyggjande effekt på sikt.

Det er også eit vesentleg moment i denne saka, å tenkje langt fram. Den samfunnsøkonomiske gevinsten må løftast høgt! Mo oppvekstenter har dei siste åra blitt rusta opp ifht brannkrav. Kva kosta dette? Og er dei pengene berre bortkasta? Me har ein ny og flott gang- og sykkelveg på Røv. Denne er det naturleg å sjå i samanheng med å gi ein trygg skuleveg for ungar på Mo oppvekstsenter, er dette også berre bortkasta pengar?

Me siterer igjen frå saksdokumentet; «I ein Robek-situasjon er det særleg viktig å vurdere om innsparingstiltak faktisk reduserer den samla belastninga på kommunen, eller om kostnader i realiteten berre blir flytta frå eit budsjettområde til eit anna. Ei forsvarleg samfunnøkonomisk vurdering krev difor at skulestruktur, barnets beste og kommunen si langsiktige bereevne blir vurderte i samanheng og ikkje avgrensa til isolerte innsparingstal innanfor ein sektor.» side 22.

Dette meiner me er svært viktig, her må ein ikkje få tunnelsyn. Kva med å sjå på Mo oppvekstsenter som ein sikker institusjon i ei økonomisk svært krevjande tid for kommunen. Me opplever at dei som arbeidar der trivest, mange har jobba der så lenge me har vore tilknytta Mo.

Og kva skal skje med Mo oppvekstsenter om det skulle verte bestemt at det skal leggst ned?

Til slutt, for å trekke fram noko positivt, så er det at elevtalet på Mo kjem til å gå oppover att, ei prosentvis auke på 27 % frå 2027-2029, og at skulen og barnehagen har eit unikt og uerstatteleg samarbeid som har ein positiv effekt for denne kommunen sin økonomi. Forsvinn skulen forsvinn dette samarbeidet, og ein lyt leige inn vikarar, noko som igjen fører til ein kostnad.

Dei fleste barna på Mo skule har moglegheit for å sykle til skulen i dag, noko som igjen gir ein positiv helseeffekt både fysisk og psykisk. Det gir dei ei kjensle av meistring. Dei mister denne moglegheita til fysisk aktivitet om dei startar på Subus, då vert skulevegen erstatta med ein lang busstur på ein veg med mykje trafikk.

Sjå heile Surnadal kommune under eitt, med sentrum og utkantar, og gjer den attraktiv med tanke på bolyst for å få nye tilflyttarar. Det kan slå positivt inn for økonomien til kommunen.

Skulle det bli eit faktum at skulen blir lagt ned frå den komande hausten vil me kalle det ein skandale og eit skikkeleg overtramp! Ikkje bruk energien vår på det her, for dette kostar! La oss få lov til å ha fokus på kvardagen vår med alt det inneber av arbeid, skule og fritid.

Tenk som kunstnerbrødrene Sand, dei ser moglegheitene ute i grendene!

Mvh

Ingunn og Olav Meisingset, Øvre Surnadal 27.03.2026